



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

# HØYRING AV FORSLAG TIL SKOGVERN



## UTVIDING AV VASSELEN NATURRESERVAT

TINGVOLL KOMMUNE

Høyringsfrist 09.02.2023

2019/1983

*Framside: Vasselen sett ned mot utvidingsarealet (Foto: Øivind Leren)*

## **Bakgrunn**

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 % av skogarealet. I desember 2022 var omlag 5,2 % av skogarealet og ca. 3,9 % av den produktive skogen verna i Noreg. Det er eit nasjonalt miljømål at «*et representativt utval av naturtypane i skog blir verna for kommande generasjonar*». Vern av skog er også viktig for å nå fleire av dei andre miljømåla, til dømes at «*utrydding av trua artar i skog skal opphøyra og status for artar i nedgang skal ha blitt forbetra innan 2020*» og at «*mangfold av naturtypar i skog skal bli tatt vare på eller gjenopprettast innanfor sitt naturlege utbreiingsområde, og slik at alle stadeigne artar finns i levedyktige bestandar*».

I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva til å ha stor positiv effekt på trua artar i skog, og Regjeringa vil vidareføre det langsiktige arbeidet med skogvern. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved friviljug vern av privateigd skog. Friviljug vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog.

Dersom ein har naturfagleg kunnskap om det aktuelt tilbodsområde frå før, kan slike data bli lagt til grunn for ein eventuell verneplanprosess. Dersom området ikkje er kartlagt tidlegare, vil miljøvernstyresmaktene også vurdere tilboden og sette eventuelt i gang med naturfaglege registreringar for å kartlegge verneverdiar. I Møre og Romsdal er ein vesentleg del av den verneverdige skogen kartlagt tidlegare og aktuelle data er tilgjengelege i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no).

Om det på bakgrunn av ei slik registrering vil vere aktuelt å fremme eit verneforslag for det aktuelle arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigar om avgrensing, verneforskrift og økonomisk erstatning. Når staten og grunneigar er kome til semje om desse punkta, vil området gjennomgå ei vanleg saksbehandling i tråd med naturmangfaldlova.

## **Tilbodet**

Statsforvaltaren fekk tilbod om friviljug skogvern på gnr/bnr 128/2 i Tingvoll kommune. Det omfattar eit areal på ca. 60 dekar skog på vestsida av Vasselen naturreservat nord for Storvatnet på Grimstad. Tilboden vart framsett i brev frå ALLSKOG SA den 26.11.2021.

Det naturfaglege grunnlaget for eit vern er basert på undersøkingar gjort av Geir Gaarder i 2009 og Kristin Wangen m.fl. i 2017. Dette naturgrunnlaget viser at utvidingsområdet har kvalitetar for vern som naturreservat. Statsforvaltaren har difor takka ja til tilboden om igangsetting av verneplanprosess for utviding av Vasselen naturreservat.

Etter avtale med grunneigarane og ALLSKOG sendte Statsforvaltaren tilboden på høyring i samsvar med naturmangfaldlova § 43.

ALLSKOG skal seinare taksere skogen i tilbodsområdet, og det blir forhandla fram ein erstatningsavtale med Staten sin skogsakkunnige. Området vil ikkje bli tilrådd verna før avtalen om erstatning er signert, men ALLSKOG har på vegne av grunneigar akseptert at planprosessen vert sett i gang.

## **Heimelsgrunnlag**

Vern av spesielle område eller førekommstar skjer i medhald av lov av 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, blir foreslått brukt for skogsområda i dette verneplanframlegget.

Naturmangfaldlova § 37 i har slik ordlyd:


«Som naturreservat kan vernes områder som inneholder truet, sjeldent eller sårbar natur, representerer en bestemt type natur på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold, utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til fri utvikling eller aktive gjenopprettningstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringar verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettningstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med vernevedtaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdets skjøtsel.»

## Saksbehandling



Kart med utvidinga vist med blått, eksisterande reservat med raudt. Grøn skravur viser naturtypelokaliteten BN 00045905.

## Naturfaglege registreringar

Utvindinga er del av ein naturtypelokalitet (Naturbase-ID BN00020410), og er godt dokumentert av Miljøfaglig Utredning. Frå Naturbase.no er naturtypelokaliteten omtala slik:

«Lokaliteten ligg i ei bratt, sørvestvendt liside nord for Storvatnet og mellom gardane Vatsellen i aust og Berget i vest. I underkant av lokaliteten går ein grusveg. Han grensar i vest delvis mot granplantefelt, og elles mot boreal lauvskog der hassel somme stadar opptrer, og der vegetasjonen i hovudsak er av typen lågurt, men utan særleg omfang av kravfulle edellauvskogsartar. Avgrensinga mellom skog som er forvaltningspriorert og ikkje, er diffus og noko usikker, men dei største verdiane er utan tvil fanga opp.

Berggrunnen består av glimmerskifer/glimmergneis og diorittisk til granittisk gneis. Lausmassane består for det meste av tynt humusdekke over berggrunnen ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Lokaliteten ligg i stert oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypen er hovudsakeleg rik edellauvskog dominert av hassel, og elles er treslaga selje, bjørk, furu og rogn vanlige samt litt hegg, osp og alm (VU). Delnaturtypen er rikt hasselkratt (F0103), der vegetasjonen er dominert av kalklågurtskog (NiN-grunntype T4-C-4, 40-50 %), samt ein del lågurtskog (T4-C-3 30-40 %). Kalkkrevjande artar som lundgrønaks og sanikkel dominerer store delar av lia, og breiflangre er lokalt vanlig. I vest er innslag av delnaturtypen gråor-almeskog (F0106, < 10 %), med dominans av alm og gråor, samt ein del hassel og hegg. Det er også innslag av fattigare blåbær- og svak lågurtskog.

Av planter kan nemnast sanikkel (rikeleg), breiflangre (stadvis rikeleg), kusymre, lundgrønaks (dominerer store delar av lia), ormetelg, myske (rikeleg), skogslat, hengeveng, svartburkne, liljekonvall, kranskonvall, ramslauk, hengejeks, skogsvinerot, trollbær, hundekveke, firblad, jordnøtt, hengeveng, markjordbær og storklokke. På almelæger vart det funne almekolsopp (NT). Lungeneversamfunna er ganske godt utvikla. I Artskart er det også registrert dei sjeldne karplantene fuglereir (to registreringar) og falkbregne (først registrert av J. I. Holtan, einaste lokalitet i Tingvoll), samt vill-løk, skogfaks, lerkespore, fingerstorr, kransmynte, vårværtekapp, vårmarihand, svartværtekapp, grov nattfiol, taggbregne, kjempesvingel, tårnurt, og lavartane kystdoggnål (NT), bleik kraterlav (VU), puteglye, grynfiltlav, vanlig blåfiltlav, sølvnever, kystnever og filthinnelav. I den gamle skildringa (Gaarder 2009) er det også nemnt bleikdoggnål (NT), og soppartane ospekjuke og rustkjuke, og det er potensiale for raudlista sopp knytt til lågurtskog og kalkskog med hassel. I følgje Valde (2000) er det observert fjellvåk og dvergspett i området.»

Av framande artar må nemnast at det er innslag av platanlønn i nedre delar. Eit anna trugsmål mot naturverdiane er gran som førekjem spreidd i området.

Utvidinga vil inkludere ein større del av førekomensten av rik edellauvskog. Dette er ein naturtype som er underrepresentert i verneområda i Møre og Romsdal. Utvidinga av Vasselen naturreservat vil

### **Brukarinteresser**

Det er eit granfelt på ca. 2 daa i tilbodsområdet, samt ein del spreidde enkelttre. Etter eit evt. vern må ein rekne med at det vil vere aktuelt å ta ut denne grana slik at edellauvskogen kan utvikle seg fritt.

Det ligg også eit granplantefelt på ca. 7 daa rett nord for tilbodsområdet, men utviding av naturreservatet vil ikkje hindre uttransport av dette ved seinare hogst. Terrenget er slik at dette må takast nord-nordvestover.

Produktivt skogareal (AR5): Ca. 40 daa

Skog, særhøy bonitet	Skog, høy bonitet	Skog, lav bonitet	Uproduktiv skog	Myr
10	30		18	3

Det er utført skogbruksplanlegging i området.

Svært viktig naturtyper : 31 daa – Rik edellauvskog

Skogressurskart (SR 16) – volum (daa):

0-100 m <sup>3</sup> /ha	100-200 m <sup>3</sup> /ha	200-300 m <sup>3</sup> /ha	300-400 m <sup>3</sup> /ha
17	24	17	

Forslaget gjeld ei utviding av eksisterande områdevern. Ca. halvparten av arealet er registrert som svært viktig naturtype. Dette famnar nedre del. Gjennom skogbruksplanlegginga er det registrert eit mindre granbestand i hogstmoden alder i denne delen. Foreslått verna areal er dels svært bratt. Det er ikkje registrert køyrbare vegar inn i aktuelt område. Det er ca. 150 meter frå granskogen og fram til gardsveg.

Topografi, vegdekning og omfanget av svært viktig naturtype gjer at arealet har relativt liten betydning for skogbruk.

Det er ligg ei hytte (gnr 128 bnr 9) rett vest for området, men vi ser ikkje at denne vert påverka av utvidinga.

Området vert sporadisk nytta til friluftsliv som storviltjakt og turgåing.

### **Planstatus**

Området er sett av til LNF-område (landbruks-, natur- og friluftsområde) i kommuneplanen. Det er m.a.o. ikkje planlagt spesielle utbyggingstiltak her.

### **Avgrensing**

Sjå vedlagt vernekart.

### **Vidare saksgang**

I samsvar med naturmangfaldlova og saksbehandlingsreglane i denne, sender Statsforvaltaren med dette verneframlegget på høyring.

Skogen blir taksert av ALLSKOG i samarbeid med Staten sin skogsakskunnige. Det blir gjennomført forhandlingar med grunneigar om erstatning, avgrensing og framlegg til forskrift.

Etter denne lokale og sentrale høyringa, vil Statsforvaltaren, på bakgrunn av høyringsdokument og innkomne fråsegner, skrive ei tilråding til Miljødirektoratet. Direktoratet fremmer så saka for Klima- og miljødepartementet som deretter vil førebu ho og legge fram eit forslag om vernevedtak for Kongen i Statsråd.

Etter vernevedtaket ved kgl. res. vil erstatningar bli utbetalte i samsvar med avtalen. Statsforvaltaren får så i oppdrag å gjere vedtaket kjent og sørge for at det utvida reservatet blir merka og skilta. Merking og oppmåling blir gjort av jordskifteretten etter krav frå Statsforvaltaren.

Ut frå normal saksbehandlingstid kan eit vernevedtak tidlegast skje i desember 2023.

## **Forslag til**

### **FORSKRIFT OM ENDRING AV VERNEFORSKRIFT FOR VASSELEN NATURRESERVAT, TINGVOLL KOMMUNE, MØRE OG ROMSDAL**

Fastsett ved kongeleg resolusjon ... med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 jf. § 37 og § 77. Fremma av Klima- og miljødepartementet.

I

I forskrift 27.11.2020 nr. 2508 om vern av Vasselen naturreservat, Tingvoll kommune, Møre og Romsdal fylke, blir det gjort følgjande endringar:

§ 2 skal lyde:

Naturreservatet berører følgjande gnr/bnr:

Tingvoll kommune: 128/1, 2, 3 og 5.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på 356 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert *Klima- og miljødepartementet [månad årstall]*. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Tingvoll kommune, hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

-----

II

Forskrifta trer i kraft straks.